

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Vest Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lyngdal.

Emne: Ting til legedom og vern mot ryggsom. Bygdelag:

Oppskr. av: Berhine Skersomyr.

Gard:

(adresse): Lyngdal.

G.nr.

Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Ja, men eg etter samtale med gamle folk i bygda.*
- B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det var ein del som brukar ringar på fingrane, berleg når dei hadde gått i handa eller armen.
2. Det var ringar av messing. Når dei var pussa fint, såg dei ut som gifteringar. Men eg har ikkje sett eller høyrte at det var rissa inn noko på innsida.
3. Det var nok helst ^{av} omreisande "kråmkarar" dei fekk tak i ringane. Eg hugsar at ein slik har kom til oss og falbaud slike ringar. (Det var omkring 1898). Han laud at innan 3 timar skulle ein kjenna verknad i armen. Han kjøpte ein slik ring, men eg skjønna på andletet hennar at ho hadde nok helst lite tru på at han skulle greia gjelta i armen. Eg hugsar heller ikkje at ho gikk med han. Ringen kasta eit par kv, om eg ikkje hugsar feila. Eg såg at ein og annan gikk med messingring, men somme av desse hadde ein blågrå farge på innsida. Det var vel eit anna metall.
4. Eg kjennar ikkje til elektriske ringar eller korleis dei bli gjort elektriske.
5. Det er heller ikkje kjend med samantvundne ringar av metaltråd.
6. Det er ikkje kjend med slike armband.
7. Full bort
8. —

9. Eg fekk namnet på ei kona som hadde eit halv-
 hjerte av nav. Ho var gamal då ho døydde, så det
 kan tenkjast at ho trüdde der var lalyedom i
 nav. — Ei 70 år gamal kvinna fortalde om ei
 som hadde hatt ein eller annan elektrisk ring
 som halsen; ho fekk sær på bringa av det. Ho
 visste ikkje hva sjukdom ho bar „Ringu“ for.

Der har vore tale om noko dei kalla
 „Vallakars“. Det sag eit mest som ein „orden“, sa
 ei eldre kvinna. Men ho visste ikkje om „Vallakors“
 var noko serleg brukt. Ho lingsa ho sag answer
 i avisene om desse.

10.11. Det er fleire som kjende namnet „elektrisk belte“.
 Men dei som bruka desse, gjorde det nok helst i
 löynd.

12.13 Kan eg ikkje gjera svar på.

Öyrringar.

14. Men hadde sjeldan öyrringar til pynt. Men det
 hende. Ein mann hengde öyrringar på seg til tryl-
 lupsdagens aim. Men det var ikkje så lang tid før han
 tok dei av. Nokon hadde nok litt moro av at han
 ville vera så fin. Det var i 1890 han gifte seg.
 Seinare veit vi ikkje om nokan.

15 Eg har sett fleire gamle öyrringar. Men alle
 har vore av gull. Og det måtte vera fint gull når
 dei skulle vera til hjelp mot augesjukdomar.
 Eg har ikkje sett eller høyr om öyrringar med
 stein. Men på stene var det ein liten „perla“ av
 gull som var lodda fast til eine enden av ringen.
 Der var eit hul i andre sida av perla, og der
 putta dei andre enden av ringen inn når han
 var komen på plass. Andre var meir som ei skiva,
 der var som ein litte liten „lås“, mest som de små
 krogar som grip inn i ein annan. Der vesle



„lås“ var ikkje synleg når dei



hadde

(Emnemr. 43.)

- 1. slukke ringen inn i holet i øyra. Kvinnene brukte serlig første typen, mennene den andre. Eg har ikkje høyrte om nokon som hadde skrue til klemmas ringane fast med ei den gamle tida.
- 16. Dei hadde alltid ringar i bae øyro. Nær dei skulle hengja ringane på, heldt dei ein nå potet att om øyreflippen og stakk hol med ein syl og smette ringen inn i holet. Sume heldt ein kark attom øyra i staden for poteten. Det hende det sette seg vart i saret. Det var ikkje nokon vanske med å setja ringar i øyro, seier dei gamle, så det er ikkje nokon tradisjon om kven som stakk holet. Det kunne vissel både smedar og "kloke koner" gjera.
- 17. Det var dei som hadde raude augnekarmar (kjerbelsykja?) eller var raude i sjålene augo som fekk seg ringar i øyro. (Det var ikkje for å skjerpa synet.) "Hjelpte det noko," spurde eg ei som hadde gått med ringar. "Jammenn hjelpte det, eg blei ganske god."
- 19. Velstående kvinner bar øyroringar til pynt; og det var sume som fekk seg ringar når dei skulle stå til konfirmasjon. Ein tenkte ikkje på sjukdom i augo om ein såg ei kvinna med øyroringar. Men det tenkte ein helst på når ein såg menn med øyroringar. Var det fattigfolk tok dei gjerne gifteringen og sende til gjællsmeden så han tok av den til å laga øyroringar av når dei sjålv eller ein av deira moraste hadde augesjukdomar.
- 20, 21 og 22. Kan eg ikkje gjera noko snor på.